

# Barokk og notid i Stordal kyrkje

**Jubileumskonserten for Stordal kyrkje laurdag var eit godt døme på at eit lite bygdesamfunn som Stordal, med dyktig hjelp utafrå, kan tore seg på vanskelege musikalske utfordringar.**

**KONSERT.** Dei to hovudverka under konserten laurdag, Bachkantate nr. 82 og Jubileumskantate «Når eg ser din himmel», av samtidskomponist og stordaling Odd Johan Overøye, demonstrerer eit svært stort og spennande musikalsk tidsspenn.

**Maude.** Som eit samanbindande element i dette nær 300 år lange musikalske spennet sytte kantor i Ålesund kyrkje og tidlegare organist i Stordal, Jostein Maude, for profesjonelle barokktonar og romantiske tonar frå orgelkrakken. Barokkomponisten J.G. Walter var ein slektning av J.S. Bach. Gjennom «No lovar mi sjel Herren» og «Lova Herren, den mektige konge» fekk Maude vist at også den musikalske slektskapen mellom Bach og Walter er tydeleg.

Bach-kantaten, framført av sju musikarar, sopransolist Marianne Ravn Stavseng og dirigent Carolin Eide, er ikkje den enklaste musikken for amatørar. Ikkje minst er han krevjande for sopransolisten, som ber hovudstemma i verket, og må stå på om lag samanhengande under heile kantaten.

**Heiderleg.** Nokre smakebitar frå meldaren sine notat: Orkesteret reint og disiplinert, kanskje litt matt, ein viss skort på «autoritet» – sopransolisten demonstrerer terrassedynamikk, som var vanleg/nødvendig i barokken – kanskje vel kvass i einskilde forteparti – litt problem med ein lang tone – lite hjelp av akustikken? – fin kommunikasjon mellom solist og orkester – vakkert kontrapunktisk parti med samspel mellom solist og celli – meir flyt hos solisten etter kvart –

orgelpositivet eit fint bidrag til orkesterklangen – retardandoprobblem mot sluttakkorden i orkesteret. Alt i alt ein heiderleg prestasjon, med eit visst utviklingspotensial.

**Energi.** Urframføringa av jubileumskantaten til Odd Johan Overøye, framført av Stordalskoret med forsterkingar frå Ålesund Kammerkor, saman med altsolist Maria Helland Tøsse, to unge, lokale strykarar, komponisten på piano og Rune Bergmann med dirigentpinnen: Programleiaren, sjølv korsongar, nemnde at denne musikken ikkje er beinkløyvd for amatørar.

Kantaten har satsane: 1. Frå salme 8, 2. Intermezzo – folketone frå Stordal, 3. Evcharisti, m. tekst av Kjetil Frøysa.

Frå blokka til meldaren: Innleiinga, med «rennande tonar» frå pianoet i samspel med violin og cello, minner om impresjonistisk musikk, Ravel og Debussy – i koret mykje unisont og vekselsong mellom gruppene – pianisten dukkar ned i pianoet og klimprar på strengene – korstemmene er tonale medan dei to strykarane får tildelt litt dissonerende tonar innimellom – altsolisten har ei sterk og frimodig stemme, som kan verke litt stressa i høgda – koret/mannsstemmene litt nølande i starten – koret syng seg opp – sopranane «blomstrar» i siste satsen – mykje energi og frimodig song.

**Splitthopp.** Dirigent Rune Bergmann avslutta det heile med eit imponerende rørslestunt, ein kombinasjon av Bottolfs splitthopp og gymnastisk C-moment.

Dette kom visst litt brått på songarane, for sluttonen fekk seg ein alvorleg dupp! Dacapo-innslaget, etter ståande applaus frå tilhøyrarane, viste at songarane kom fort til hektene att, og leverte ein perfekt avslutningstone.



Elles set eg pris på Rune Bergmanns elegante dirigentmotorikk og det gode humør hans. Mange ser fram til at han no også skal dirigere symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda.

Til slutt vil eg gi ein ekstra blomster til dei to unge søskena Stavseng (14 og 15 år), på violin og cello, for den flotte innsats deira under denne konserten. Kristina Malene si enkle og likeframme tolking av folketonen frå Stordal var eit minneverdig høgdepunkt.

#### **konsert**

100-årsjubileum for  
Stordal kyrkje.

1 2 3 **4** 5 6

av  
**Magne Våge**